

**Ullensvang  
kommune**

# Årsplan Aga barnehage 2024/2025



**Aga barnehage**  
**Rogdabergvegen 2**  
**5776 NÅ**  
**Telefon: 53 66 23 36**  
**E – post: [randi.rod.reiseter@ullensvang.kommune.no](mailto:randi.rod.reiseter@ullensvang.kommune.no)**

## Bakgrunn

### Årsplan

**Lov om barnehage § 2 (ledd 9) barnehagens innhold:**

*Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsetje ein årsplan for den pedagogiske virksomheiten.*

### Rammeplan for barnehage

*Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.*

*Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal og komme fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen. (Rammeplan for bhg 2017).*

### Ullensvang kommune

Ullensvang kommune har som mål at alle barn og unge skal ha like sjansar uavhengig av sosial, kulturell, språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive, fysiske skilnader og utgangspunkt.

Visjonen til sektor for oppvekst og utdanning er:

**“Ulike utgangspunkt - like sjansar”.**

Det overordna satsingsområdet er at det skal vera ein utviklande, utfordrande og sunn kommune for alle barn og unge.

Det krev inkluderande fellesskap og tidlig innsats for å få dette til.

Alle barn har rett til eit trygt, godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø.

### Historikk

Aga barnehage vart oppretta av Ullensvang sokneråd i 1977. Barnehagen held til i det gamle skulebygget på Syreflot (byggjefeltet på Aga). Fram til 1987 var barnehagen drevet som ein korttidsbarnehage i samarbeid med Jåstad og Nå. Bygget vart samstundes brukt til skule for klassestega 1.-3 klasse.

I 1986 overtok Ullensvang herad barnehagen, og det vart heildagsbarnehage med plass til 21 barn over 3 år. Hausten 1996 vart 2. etasje omgjort til ein førebels småbarnsavdeling. I januar 2004, vart den flytta ned i eit nytt påbygg. 2. etasje vert brukt til kontor, arbeidsrom, materialrom, pauserom, møterom og gruppeaktivitetar for barna.

Gymsalen i kjellaren vart pussa opp i 2010, og fekk støyplater i 2019.

I januar 2020 var det kommunesammenslåing, ny eigar av barnehagen er Ullensvang kommune.

## Barnehagens visjon og hovudmål

**Visjon: Ein god start saman!**

**Hovudmål: Gje alle barn som går i Aga barnehage opplevinga av den gode barndom!**


Dagens barn har store delar av dagen sin i barnehage. Vi vil at kvar dag skal vera fylt av lek, trivsel, tryggleik, humor og glede, der barn skal få vera barn. Dei skal få vera i barndommen og forska på verda. Dagane skal vera innhaldsrike og meningsfulle for dei, samtidig som barna skal få tid og rom til bare å vera!

## Barnehagens samfunnsmandat

**Barnehagens formål og samfunnsmandat er nedfelt i barnehageloven § 1:**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

Figuren under visar korleis Aga barnehage jobbar i tråd med samfunnsmandatet vi har. I sirklane står det kva lovverk vi skal jobba etter, kva planar vi har, didaktikken vi har valt, dokumentasjon og refleksjon og vurdering. Pilene i figuren viser at desse prosessane går i sirkel. Dette skapar utvikling.



## Ansvar og roller

«Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har.» (Rammeplan for barnehagar 2017:15)

## Verdigrunnlaget i barnehagen

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. «Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. (Rammeplan for barnehagar 2017:1).

Aga barnehage har ekstra fokus på fire kjerneverdier. Desse skal vi jobba med, ha felles forståing for og reflektera rundt gjennom heile året.

Kjerneverdier i Aga barnehage	
<b>Omsorg</b>	Gode relasjonar mellom barn - barn og barn - vaksen!
	Barna skal vera trygge i barnehagen!
	Dei vaksne skal sjå kvart enkelt barn!
	Barna skal trivs i barnehagen!
<b>Likeverd</b>	Tydlege, varme og grensesettande vaksne!
	Inkluderande vaksne!
	Dei vaksne tek barna på alvor!
	Dei vaksne gir barna ein forutsigbar barnehagekvardag!
<b>Anerkjenning</b>	Vise forståing for barna sitt ståstad!
	Bekreftelse - eg godtek deg som du er! Du er bra nok!
	Vise barna respekt ved å stille opne spørsmål!
	Barna skal vera trygge og utvikla eit godt sjølvbilet!
<b>Medverknad</b>	Barna skal ha medverknad i forhold til alder og modning.
	Dei vaksne skal leggja tilrette for at barna deltek og er med på vurdering!
	Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til!
	Dei vaksne skal observera for å fanga opp dei ulike uttrykka og behova til barna



## Pedagogrolla - vaksenrolla

«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørge for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra» (Rammeplan for barnhagar 2017: 15).

I Aga barnehage har vi fokus på vaksenrollen. Gode relasjonar mellom barn – vaksne og barn – barn og tilstadeverande vaksne er noko av det viktigaste i vår jobb.

Modellen nedenfor er henta frå Kari Pape si bok: “Lek og inkludering i barnehagen”, den tar for seg motsetningar i vaksnes haldningar og veremåtar - om “å være” og “å gjøre”. I Aga barnehage streber vi etter å vera vaksne som er til stede her og nå, då er vi innenfor rammen og gjer ein god jobb.

Voksne i forbifarta	Voksne tilstede her og nå
Voksen som slukker brann (reaktivt adferdsmønster)	Voksne som røykvarslere (proaktivt reaksjonsmønster)
Voksne som overvåker	Voksne som deltar i leik
Voksne som lar seg forstyrre	Voksne som prioriterer samværet med barna høyst
Voksne som er regelstyrt eller tillegger barna hensikter	Voksne som tar barna perspektiv
Voksne som ser alt fra voksnes ståsted	Voksne som er i leikemodus og lar seg rive med
Voksne som følger klokka	Voksne som ser an og er fleksible med tanke på tiden
Voksne som passive i barns leik	Voksne som er aktive i barns leik
Voksne som har et ovenfra-og-ned-perspektiv	Voksne og barn som deler fokus
Voksne som ser på barn som mindreverdige	Voksne og barn som likeverdige
Voksne som styrer barn gjennom bruk av ris/ros/straff/belønning	Voksne og barn som anerkjenner hverandre

**Ein viktig hugseregul for oss: Der det er barn, bør det vera ein vaksen. Der kor det finnes vaksne frå før, trengs det sjeldan fleire!**

## Barn og barndom

*Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.(Rammeplan for barnehagar 2017: 8).*

I tråd med vår felles forståing av vaksenrolla i barnehagen, er det viktig at personalet legg aktivt til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn – vaksne og mellom barn – barn. Dette gjer vi mellom anna gjennom å ha ein forutsigbar kvardag, vaksne som er tilstades, vera gode rollemodellar, vera lyttande og anerkjennande.

<b>Barnesyn i Aga barnehage Dei vaksne i barnehagen skal:</b>	<b>Jobba for å få gode relasjonar mellom vaksne – barn og barn – barn</b>
	<b>Vera tydlege, varme &amp; grensesettande vaksne</b>
	<b>Vera lyttande vaksne</b>
	<b>Vera i barnehagen for barnas beste</b>

## Livsmestring og helse

*«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.»*

*«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.» (Rammeplan for barnehagar 2017:11).*

## **Barnehagelova § 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*

*Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.*

*Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I vår barnehage arbeider vi kontinuerlig og systematisk med å fremme et trygt og inkluderende barnehagemiljø, og med å oppdage, undersøke og forebygge alle former for krenkelser. Vi stopper krenkelser og følger opp med egnede tiltak helt til barna opplever at de har et trygt og inkluderende miljø.»*

**«Barns trivsel – dei vaksne sitt ansvar!»**

## **Formålet med og innhaldet i barnehagen**

### **Omsorg**

*“Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna” Rammeplan for barnehagar 2017: 19).*

### **Rammeplanen seier at personalet skal:**

- *bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre*
- *sørgje for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrse i barnehagen møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn*
- *vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte*
- *støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg*
- *bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre*

Omsorg er ein av kjerneverdiane i Aga barnehage. Den skal prega alle situasjonar i kvardagslivet og komma til uttrykk når barn leikar og lærar, i stell, måltid og påkledning. Omsorg er nært knytt til danning og er ein viktig føresetnad for barn si utvikling og læring. Det er gjennom omsorg og danning vi skal vera med å gjera barna trygge, slik at føresetnaden for trivsel og utvikling er tilstade.

### **Leik**

*«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.*

*Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.*

### **Personalet skal:**

- *organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik,*
- *bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema*

- fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken og ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.» (Rammeplan for barnehagar 2017: 20)

Vi set av mykje tid til leik, både frileik og vaksenstyrt leik.

## **Danning**

### **Barnehagen skal fremje danning**

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

*Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.*

*Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar» (Rammeplan for barnehagar 2017: 21).*

### **Personalet skal**

- leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- synleggjere og verdsetje ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet
- leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

Omgrepet danning vekker heilt andre assosiasjonar enn omgrepet oppdraging. Oppdraging viser til noko barnet er passiv mottakar av. Danning assosieras til noko barnet sjølv er ein aktiv deltakar i. Danning kan ein tenke seg er det å verta seg sjølv som menneske, i samspel med andre.

Danning er ein prosess der vaksne leier og rettleiar barna, slik at dei gradvis tar større ansvar for seg sjølv og fellesskapet. Det krev at vi stiller krav til barna og at ting får konsekvensar. Barn må få hjelp til å oppfatte kva rammer som er akseptable i samvær med andre. Praksis i Aga barnehage er som de ser ut i frå våre kjerneverdiar, dette med varme, tydelege og grensesettanda vaksne.



## Læring

### **Barnehagen skal fremje læring**

*I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling.*

*Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring» Rammeplan for barnehagar 2017: 22).*

### **«Rammeplanen seier at personalet skal**

- *sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring*
- *leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna*
- *vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar*
- *støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner*
- *utvide barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen*  
*støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei*
- *sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar»*

Læring om seg sjølv, om andre menneske, om samspill og om den fysiske verden omkring, er prosessar som er med på å skape mening i barn sitt liv. Barnehagen skal styrka barn sin læring i formelle og uformelle læringsituasjonar. Dei formelle situasjonar er planlagt og leda av personalet. Uformelle læringsituasjonar er nærmare knytt til kvardagsaktivitetar, og i her og nå situasjonar, i leik og anna samhandling. Det er ikkje hensiktsmessig å trekke klart skilje mellom formelle og uformelle læringsituasjonar. Begge har en pedagogisk hensikt.

Barn lærar gjennom alt dei opplev og erfarar. Korleis vi vaksne møter barna sitt uttrykk gjennom kropp, språk, følelsar og sosiale relasjonar har betydning for barnet sin læring. Vi har tro på at barn lærer gjennom å gjera sjølv.

Læringsyn i Aga barnehage	
<b>Personalet i Aga barnehage skal sørge for:</b>	Tryggleik
	Nytta arbeidsmåtar som prosjekt og planlagte opplegg
	Gje felles opplevingar
	Gode rammer for leik, det er barnas læringsarena
	Å vera gode rollemodellar
	“Learning by doing”

### Vennskap og fellesskap

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov» (Rammeplan for barnehagar 2017: 22).

### Kva kan heimane gjera i forhold til venenskap og fellesskap:

- Ikkje snakka over hovudet på barna om til dømes barnehagen eller andre barn og foreldre med negativt fortegn.
- Framsnakka kvarandre som foreldre og familiar og barnehagen.
- Vera obs på kva barna ser på TV og kva spel dei spelar.
- Følgje opp det som skjer i barnehagen.
- Tenkje over og vera bevisste på korleis vi ordlegg oss, t.d. banning og andre ord vi ikkje ynskjer at barna skal bruke.
- Setja grenser for kva som er greitt og ikkje greitt.
- Vera gode rollemodellar. T.d. helsa god morgon når de kjem i barnehagen til barn og vaksne de treff på. Gjerne bruke namnet på barna og dei vaksne. Same på ettermiddagen, helsa og seia hadet/takk for i dag.
- Viss andre barn kjem bort i levering og hente situasjonen, ta deg tid til å si hei og ein liten prat.

### Arbeidsmåtar i barnehagen:

- Dele inn i mindre grupper med ein vaksen på kvar gruppe,
- Bruka leikekassar
- vaksne som er i leikemodus, tett på og tilstades.
- Ha miljøsamlingar med fokus på sosial kompetanse,
- Nytt verktoy «Venner».
- Bruka 3 – trinns modellen ved konfliktløsning.
- Vera varme, tydlege og grensesettande vaksne.

## Kommunikasjon og språk

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling.

Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» (Rammeplan for barnehagar 2017: 23).

## For å oppfylgja krava i rammeplanen skal vi i Aga barnehage:

Ha eit godt utval av bøker tilgjengeleg for barna.

Lesekroken skal vera avskjerma og ha eit lågt støynivå.

Bibliotekbesøk for dei eldste barna.

Ha faste og planlagde lesestunder

Jobba med rim og regler

Nytta snakkepakken og språkkista

Nytta språkleik

Ha eit godt utval av spel

Gjera barna medvitne på bokstavar

## Syngande barnehagar

Vi er med i syngande barnehagar. [www.syngendebarnhage.no/](http://www.syngendebarnhage.no/)

I skattkammer.no finn ein mange songar. Passord er [sangglede](#)

## Barns medverknad

*Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.*

*Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.*

*Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap.*

*Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta»*

Rammeplan for barnehagar 2017: 27).

Medverknad er ein av kjerneverdiane hjå oss. Vi i Aga barnehage tolkar barna sin medverknad som ein væremåte for alt arbeid i barnehagen. Det handlar om å ta barn på alvor, og sjå på dei som likeverdige og kompetente menneske. Barn må få ha sine tankar og meiningar, og bli anerkjent for det.

Barns medverknad handlar ikkje om val av farge på vottar eller påleggssortar, men om å bli sett, høyrte og akseptert for den dei er. Barn må få oppgåver ut ifrå modning og alder, slik at dei ikkje vert stilt til ansvar for noko dei ikkje meistarar.

Det er viktig for barn at dei får vera med å påverke og utforme sin eigen kvardag. Barna sine interesser og spørsmål dannar grunnlag for læringsprosessar og aktivitetar i barnehagen. Mellom anna gjennom arbeidsmetoden prosjektarbeid . Dei vaksne må lytta og prøve å tolke kroppsspråk og verbalt språk for å kunne møte barnet på deira premissar. For å sjå og møte dei non-verbale barna, må man bruke "heile seg" for å forstå kva dei meiner. Vi ser kor viktig det er for dei vaksne å stoppe opp og gi barna tid til å prøve ting sjølv. Ein måte å få tak i og få eit konkret grunnlag for diskusjon og refleksjon, er å bruke pedagogisk dokumentasjon, til dømes praksisforteljingar.

### I Aga barnehage vil vi:

- Ta tak i her – og no situasjonar som oppstår, og ta tak i det som opptek barna.
- Nytt arbeidsmetoden prosjekt og elles ha fleksible planar, her har vi barnemøter/prosjekt møter med barna heile vegen.
- Gje barna moglegheit til å velje sjølvstendig handlingar innanfor barnehagens moglegheiter.
- Vi tar ansvar for at barnas medverknad og at sjølvbestemming skjer innanfor aksepterte grenser.
- Dei vaksne må ta seg tid til å lytta, samtala med barna og respektera barnas tankar og opplevingar.
- Barnesamtalar

### Samarbeid mellom heimen og barnehagen

*«Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldre. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldre til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet»* (Rammeplan for barnehagar 2017: 29).

Organ/arena:	Kva skal takast opp:
<b>Foreldreråd:</b>	Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til barna. Her tek ein opp overordna saker som ynskjer om tema, og saker frå styrar, t.d. høyringar
<b>Samarbeid-utval:</b>	<p>SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for alle parter som på ulike måtar har eit ansvar for barnehagens innhold og drift. Representantane kan kome med råd og innspel og arrangere dugnadar, temakvelder og andre arrangement som kan skape kontakt mellom heimen og barnehagen.</p> <p>Dersom det oppstår konflikt, skal samarbeidsutvalet arbeide for å finna fram til felles løysningar.</p> <p>Det er vidare naturleg at samarbeidsutvalet særleg drøftar barnehagens ideelle grunnlag. Samarbeidsutvalet bør drøfta praktiseringa av barnehagens formål innanfor dei rammer som</p>

	er gitt av lovens formålsbestemmelse, rammeplanen og eierstilpasning til lokale forhold.
<b>Foreldremøter:</b>	I Aga barnehage har vi to foreldremøter for alle foreldre/føresette i året, eit i september og eit i mai. Her tek vi opp overordna saker, t.d. foreldreundersøking og eigne tema. I tillegg har vi eige foreldremøte tidleg på våren for dei som skal byrja på skulen.
<b>Foreldre samtalar:</b>	Her tek man opp saker som gjeld eigne barn, bekymringar, dialog om barnets utvikling, trivsel, sosialt m.m. Nye barn som byrjar i barnehagen har oppstartsamtale med pedagogisk leiar i løpet av dei tre fyrste dagane.
<b>Uformelle samtalar med personalet i hente og levering:</b>	I levering og hente situasjonen ynskjer vi ikkje å ta opp ting over hovudet på barna. Istaden for prat i garderoben - ynskjer vi at ein avtalar ein samtale der ein gir beskjed om det ein vil ta opp. Då kan vi forbereda oss og evt. innhenta informasjon.
<b>Telefon:</b>	Telefon: vi snakkar med dykk der og då om det er rom for det.

## Overgangar

### **Overgangar i barnehagen.**

*Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.*

### **Når barnet begynner i barnehagen:**

- Styrar sender ut velkomstbrev, råd om oppstart i barnehagen og anna info før barnet startar i barnehagen.
- Tilbod om å koma på besøk før oppstart, 7 - 8 ganger i mai og juni.
- Kor lang tid kvart barn treng i tilvenninga er individuelt, lag plan saman med personalet.
- Oppstart samtale med pedagogisk leiar ein av dei tre første dagane.

### **Når barnet skal begynne på skulen har vi ein del rutinar for at barna skal få ein trygg og god overgang:**

- Klubb for dei eldste frå august/september og fram t.o.m. mai.. Dette for at dei skal få gode relasjonar seg imellom som gruppe.
- Vi følg rutinane til den enkelte skule, t.d Vikebygd har 3 heile besøksdagar
- Foreldresamtale om kva som skal takast opp på overføringsmøte med skulen. Foreldre samtykker digitalt.
- Styrar, Pedagogisk leiar, rektor og kontaktlærer har overføringsmøte før skulestart.



## **Barnehagen som pedagogisk verksemd**

*Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.*

*For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnleggjande i barnehagelova og rammeplanen.*

### **Planlegging**

*Dette gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Den synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.*

### **Vurdering**

*Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.*

### **Pedagogisk dokumentasjon**

*Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen» (Rammeplan for barnehagar 2017: 37).*

I Aga barnehage nyttar vi Kari Pape sin didaktiske modell.

### **Arbeidsmåttane til barnehagen**

*«Arbeidsmåttane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke.*

*Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåttane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåttane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen» (Rammeplan for barnehagar 2017: 43).*

### **Prosjektarbeid**

*Hausten 2018 starta vi med å jobbe prosjektbasert. «Prosjektarbeid er en metode å organisere det pedagogiske arbeidet i barnehagen, men med større fokus på barns rett til medvirkning. Et prosjektarbeid handler om å utforske, undersøke og gå i dybden på et tema som barna og personalet er interessert i og som deretter dokumenteres.» (Undheim, 2015 , s.13)*

Kjenneteikn på prosjekt:

- Små grupper

Aga barnehage - ein god start saman!

Mål - Gje alle barn som går i Aga barnehage opplevinga av den gode barndom!


- Temaorientert. Tek utgangspunkt i eit tema som fascinerar og engasjerar barna.
- Prosessen og samspelet med barna er sterkt prioritert.
- Deltakarstyrt.
- Dei vaksne dokumenterer.

### Vold og seksuelle overgrep.

Regjeringas opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021) (Prop. 12 S(2016–2017)) tar for seg førebygging av vald og overgrep. Kvinnherad og Ullensvang kommune samarbeidar om prosjektet “E d greitt”. Målet er at alle barna i dei to kommunane får den same kunnskapen om vald og seksuelle overgrep, at ein får auka kompetansen til alle tilsette, og at ein har gode hjelpetiltak der det er mistanke om vald og seksuelle overgrep. Prosjektet vil sikra at arbeidet med å førebygga og avdekka vald og seksuelle overgrep vil komma høgt på agendaen, samtidig som ein har konkrete planar å følgja. I veke 6 gjennomfører ein opplegg ut frå alder og modning med hjelp av: Jegvet.no. Vi i Aga barnehage vil i tillegg ha framme bøker gjennom heile året og sporadiske samlingsstunder om temaet. Kvar eining skal ha sitt eige barnas verneombud som skal følgje opp arbeidet.

### Sjå barnet innanfra

Vi vil dette barnehageåret ha særskild fokus på trygghetssirkelen, der tilknytning og utforsking er sentrale tema. Vi vil nytta boka sjå barnet innenfra skrevet av Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad (2013) og erfaringane frå kurs gjennom tilknytningspsykologane.



### **Samarbeid med Hardanger folkemuseum og Agatunet**

Barnehagen samarbeider med museet. Vi vert invitert til å vera med på ymse aktivitetar, t.d å laga kunstutstilling i Agatunet. Formidlingsleiar har regien på dette.

### **Fagområda til barnehagen**

*Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.*

*Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen»*  
(Rammeplan for barnehagar 2017:47).

### **Det er sju fagområder i Rammeplan for barnehagar 2017:**

Kommunikasjon, språk og tekst  
Kropp, rørsle, mat og helse  
Kunst, kultur og kreativitet  
Natur, miljø og teknologi  
Mengd, rom og form  
Etikk, religion og filosofi  
Nærmiljø og samfunn

Vi har prosessplanar på alle fagområda, i desse planane har vi også delmål for progresjonen til barna i løpet av barnehagetida. Prosessplanane vert revidert i starten av barnehageåret og vurdert mot slutten av året.

### **Arbeidsmåte**

Vår arbeidsmetode prosjekt sikrar at fagområda er eit gjennomgåande del av innhaldet ettersom alle fagområda er med i alle prosjektplanar og vert vurdert fortløpande og ved prosjektets slutt.

### **Samarbeid med instansar utanom barnehagen**

«Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen skal sørge for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkluderte i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet» (Rammeplan for barnehagar 2017: 40).

### **Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT):**

Barnehagen samarbeider med Ullensvang PPT om vanskar hjå barnehagebarn (opplæringslova). Dette skal samtykkjas av foreldra.

### **Logoped:**

Barnehagen samarbeider med logoped for tips og innspel anonymt. Når eit barn vert oppmeldt til logoped må dette samtykkes av foreldre.

### **Spesialpedagog:**

Ullensvang kommune har spesialpedagogar i alle barnehagane. Stillingsprosenten er ut frå barnetal og behov.

**Fysioterapeut:**

Kommunen skal til ei kvar tid ha ein fysioterapeut som kan hjelpa oss til og leggja det fysiske miljøet til rette for barna, og trene med barna som har trong for det.

Andre barnehagen samarbeider med er Hardanger barnevern, helsestasjonen, Konsultasjonsteamet mot vold og overgrep, BUP og Statped.

Foreldra kan og kontakta desse dersom dei treng hjelp til noko.